



Skodvin Montessoriskule
Skodvinsvegen 1
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar: Anita Gjerstad
Vår: 18/3903 - 19/287

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
04.01.2019

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 94/1 Skodvin nedre

Tiltak: Avkjørsle frå kommunal veg
Byggjestad: Gbnr 94/1
Tiltakshavar: Skodvin Montessoriskule
Ansvarleg søkjar: Alf Kvalheim

Saka gjeld søknad om avkjørsle frå kommunal veg til parkeringsplass – gbnr 94/1 Skodvin Montessoriskule.

Saksutgreiing:

Informasjon i saka:

Teknisk drift har motteke søknad om avkjørsle i samband med etablering av parkeringsplass til Skodvin Montessoriskule. Parkeringstilhøva ved skulen er ikkje lenger tilfredsstillande. Manglande kapasitet gjer at det vert parkert på gangvegen, i busslomma, langs kommunal veg og på vestsida av fylkesveg 57. For å få bukt med dette ønskjer skulen å etablere parkeringsplass på motsett side av kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Teknisk drift ser eit klart behov for etablering parkeringsplass ved skulen. I dag vert kjøretøy parkert langs kommunevegen, i busslomma og på gangvegen. Kjøretøy ryggar og snur i kommunal veg, samstundes som elevar kryssar vegen. Ved å etablere parkeringsplass for tilsette og for foreldre som vil følgje borna til døra, vil konflikt mellom mjuke trafikantar og kjøretøy reduserast. Dagens parkeringsplass er tenkt omgjort til ei av og påstigningssone. For at ei slik sone skal kunne fungere optimalt, må sona være skilta einvegskjørt, innkøyring forbode og med parkeringsforbod. Foreldre som vil følgje borna til døra, må henvisast til den nye parkeringsplassen.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og komme fram til at vi vil gje løyve til avkjørsle frå kommunal veg på vilkår.




Vedtak:


Lindås kommune gjev løyve til avkjørsel frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43. Avkjørsla vert godkjent til parkeringsplass på gbnr 94/1.

Løyve er gjeve på følgjande villkår:


- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høigare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsla.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart.



Detaljteikning for avkjørsle



Lengdeprofil for avkjørsle



- Eksisterande avkjørsle og parkeringsareal til skulen skal omgjerast til ei av og påstignings- sone (vedesløyfe). Sona bør skiltast med parkeringsforbod og einvegskjøring for at vendesløfa skal få optimal funksjon. Foreldre som vil følgje borna til døra må henvisast til ny parkeringsplass. Kjørebana i vendesløyfa må utformast på ein slik måte at det ikkje vil være høve til å køyre forbi bilen framfor. Dette for å unngå farlege situasjonar samt parkering i sjølve vendesløyfa.

Teknisk drift gjer merksam på at løyve berre gir rett til å knytte seg på kommunal veg. Bygging av avkjørsla er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova. Byggeløyve må ligge føre før oppstart av arbeid.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Skodvin Montessoriskule

Skodvinsvegen 1 5956

HUNDVIN